



Emilie Bringedal deler ut gevinstar på fjorårets basar. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Skulemusikkbasaren vert i år den 18. november, og basarnemnda er alt godt i gang med førebuingane. Basaren er kjent for ei imponerende gevinstliste, og no lurar dei på om det er nokon som kan hjelpe til med å gjera den ekstra fylldig i år. Særleg er dei på jakt etter strikka og hekla ting, eller anna handarbeid. - Vi er glad for alt, men det hadde f.eks. vore ekstra kjekt med klede til ei Babyborne-dokke, seier Elin Enes i basarnemnda.

Basarnemnda er alt i gang med å spørje firma om gevinstar til å ha på bøkene, og dei har fått svært god respons. Som vanleg opplever dei den gode støtta skulemusikken har, når dei spør om hjelp.

- På ein basar er det alltid ekstra kjekt å ha ein del handarbeidsting på gevinstlista. Derfor henvender vi oss til bygdefolket og håpar på hjelp. Dei bestemmer sjølv kva dei ønskjer å laga, men skulemusikken bidrar gladeleg til å dekkja utgiftene til garn, stoff etc. den enkelte måtte ha, seier ei entusiastisk Elin Enes. Ho ber om at dei som vil bidra, tar kontakt med henne (mobil: 470 12 125) eller ei av dei andre i basarnemnda, og det er: Hege Lekva, Torunn Davidsen, Janne Gloppen Hjørnevåg og Gro Hjelmeland. - Det er fint om dei tar kontakt så fort dei kan, slik at vi kan få det med i oversikten over gevinstane, seier Elin.

Det vert som vanleg loddssalg rundt på bygda og på SparUskedalen i forkant av basaren. I tillegg håpar basarnemnda å få selja lodd på Storsenteret på Husnes. Dersom nokon kan tenkja seg å hjelpe til med loddsalet og, kan dei ta kontakt med basarnemnda og.

Elles er det kjekt å registrere at skulemusikken er i framgang med 21 unge musikarar i tillegg til aspirantar i rekkjene sine.

Av: Thor Inge Døssland.